




**DET  
NORSKE  
TEATRET**

# ÅRSMELDING 2016





## INNHOLD

ÅRSMELDING	5
KUNSTNARLEGE AKTIVITETAR	11
RESULTATREKNESKAP	14
BALANSE	15
NOTAR	18
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING	27
MELDING FRÅ REVISOR	28
NØKKELTAL	31
PUBLIKUMSBESØKET	33
STYRET	35
MÅLPOLITISK RÅD	37
VENNER AV DET NORSKE TEATRET	38
TEATERÅRET	39
ANDRE AKTIVITETAR	61
TILSETTE	65

# STYRETS ÅRSMELDING

**DET NORSKE TEATRET HAR I 2016** hatt eit godt år. Høge kunstnarlege ambisjonar og eit repertoire med vidt spenn har trekt til seg eit stort publikum. Heile 219 643 besøkte teateret sine framsyningar gjennom året. Dei samla billettinntektene på kr 42,7 millionar er tett på rekordinntektene frå 2015.

Repertoarteateret er no gjennomført på alle scenane, og vi har hatt heile 29 eigne titlar i spel gjennom året. I tillegg til høg nyproduksjon har teateret skapt fleire framsyningar som ligg fast i repertoaret. Dette gir fridom til å programmere dynamisk samstundes som publikum heile tida får eit stort tilbod. Publikumstalet er no på eit stabilt høgare nivå enn tidlegare: Medan snittbesøket i perioden 2008 – 2011 var 177 560, var snittbesøket etter omlegginga 215 901 i perioden 2012 – 2016. Søndag er no ein etablert og etterspurd speledag. I 2016 spelte vi 31 søndagar på Hovudscenen for over 8295 publikum. Særleg for barnefamiliane er dette eit kjærkome tilbod, men òg for det vanlege publikummet som i aukande grad veit å nytte høvet til ei kulturoppleving på søndagen.

I strategien til teateret heiter det at Det Norske Teatret er eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søker for refleksjon, oppleving og underhaldning. Med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjement skal teateret skape nye uttrykk og nå eit stort publikum.

Ved å bygge på dei styrkane teateret alt har, ønskjer teateret å vidareutvikle både den kunstnarlege kvaliteten og publikumstilboden. Ambisjonen er at teateret til ei kvar tid skal ha eit engasjerande og godt tilbod til barn, og vere attraktivt også for ungdom. Musikkteateret skal vere kunstnarleg sterkt og utvikle sjangeren vidare. Ikkje minst er ambisjonen å nå ut

til nye publikumsgrupper, både lokalt og nasjonalt, gjennom samarbeid og nytenking.

2016 var eit kunstnarleg svært allsidig år, med mange urpremierar og ein uttrykt vilje til å satse på nytt og norsk. Den produksjonen ein særleg vil hugse dette året, er *Andre verdskrig - Natt i verda*, ein urpremiere som spelte 8 timer gjennom heile natta like til morgongry. Erik Ulfsby sette opp den dramatiske framstillinga av andre verdskrig, med fire framståande dramatikarar frå fire ulike land som hovudforfattarar. På same tid blei teateret omdanna til ein ny arena, med Lars Ramberg sine installasjonar i foajeen. Reaksjonane frå publikum, som blei tatt godt vare på gjennom natta, var svært positive. Teateret hausta òg gode kritikkar og mykje anerkjenning for *Andre verdskrig - Natt i verda*.

Som tidlegare står musikkteateret sentralt, og den nyskrivne Bjørnov/Kalvø-produksjonen *Halve kongeriket* frå 2015 heldt fram heile våren. Med Kontroll- og konstitusjonskomiteen som trekplaster var det ikkje opplagt at dette skulle bli ein suksess som gjekk godt gjennom heile sesongen 2015/2016.

Vidare var det Noregspremiere på *Tenk om*, ein kompleks og utfordrande musical. Her bygde opphavsmennene York og Kitt handlinga rundt byplanlegging i New York, fint tillempa til lokale forhold av det kunstnarlege laget. Begge desse musicalane er gode eksempel på fornying og utvikling av sjangeren.

Musikken hadde og ein stor plass i haustens *Etterlyst: Jesus* med Bjørn Eidsvåg og Svein Tindberg. Der tar teologen og musikaren Eidsvåg eit oppgjer med ulike framstillingar av Jesus og med seg sjølv, og blei omfamna av både kritikarar og publikum.

*Etterlyst Jesus* makta å sette religion og personleg tru på dagsorden.

Teateret har vist vilje og evne til å ta tak i store spørsmål og utfordre publikum kunstnarleg i heile 2016. Repertoarspel gjer dette mogleg utan å ta stor økonomisk risiko. Vi spelte mellom mellom anna Jon Fosses *Draum om hausten* på Hovudscenen, og for første gong her på teateret fekk ein Fossetekst vise seg fram i stort format.

Det Norske Teateret legg særleg vekt på å utvikle nytt norsk, teater for barn. I 2016 satte vi opp vår eiga dramatisering av det klassiske eventyret *Kvitebjørn Kong Valemon* – ein urpremiere med svart teater, vakker musikk og ein stor kvit bjørn fengde både barn og kritikarar. Haustens norske musikal *Påfuglen* gjekk direkte inn i migrasjonsdebatten, og trefte barn og unge frå 6 år rett i hjartet.

Å produsere nye, ukjende titlar for barn og unge er ressurskrevjande, og ofte er det vanskeleg å komme gjennom til publikum. Konkurransen frå det «kjende og kjære» er hard, men teateret held fast ved at fornying er og må vere målet. Barn og unge fortener å bli tatt på like stort kunstnarleg alvor som dei vaksne, og å bli utfordra av samtidstematikk.

Det Norske Teatret tar eit særskilt ansvar for å løfte ny norsk og nynorsk dramatikk og litteratur inn på scenen, og vi hadde i 2016 fleire norske urpremierar. På Scene 2 blei Jon Roar Leikvolls bok *Songfuglen* til mørkt og gripande teater og Tore Vagn Lid pososerte og begeistra med si utradisjonelle utforsking av testesamfunnet i *Fridomens vegar*.

I det heile flokka det unge publikummet seg om tilbodet på Scene 2; *Romeo og Julie* i ei ung og frisk utgåve og Hassen Khemiris *Tilnærma lik* var godt

besøkt av skulane. Desse nye produksjonane spelte i repertoar med ei heil rekke tidlegare produksjonar. Det er gledeleg å kunne by på så stort mangfold at stadig nye publikumsgrupper kan finne noko som passar.

Scene 3 held fram med å by på nært teater: tekst, skodepelarar og publikum tett på. Med 15 167 besøkande (inklusive gjestespel) i 2016, syner det at publikum har oppdaga desse kvalitetane. Aktiviteten har vore høg, med seks premierar, i tillegg til ei rekke framsyningar i repertoar. Av desse nemner vi *Draum om våren*. Her gjorde Trine Falch og Ingvild Holm Jon Fosses *Draum om hausten* ein visitt, og var med på å gjere 2016 til eit Fosseår på DNT. *Inkognito* av Nick Payne merka seg òg ut, med fire skodespelarar i tett karakterspel, til kritikarrosl. På Scene 3 tok vi òg imot fleire gjestespel, mellom anna frå våre samarbeidspartnerar Beaivváš Sámi Našunálateáhter og Sogn og Fjordane teater.

Lesingar har òg blitt eit populært innslag på Scene 3, og verk av både Jon Fosse og Tor Jonsson har blitt framført som lesing. Dette er ein spennande måte å auke interessa for den rike nynorsk litteraturen, og det upretensiøse forma gjer det lett å by på stor breidd.

Det er auka interesse for teateret sine produksjonar både for turne i Noreg, men òg for gjestespel utanlands. Gjennom ulike samarbeid utforskar vi format og løysingar for å nå ut til nye speleplassar i Noreg. Samstundes kjem det fleire invitasjonar til festivalar og gjestespel, og i 2016 gjesta vi Bergmann festivalen med Heddavinnaren *Sorga kler Elektra*.

Publikumsarbeidet er ein integrert del av verksamda på DNT, og teateret arbeider systematisk for enno betre kjennskap til publikum. Direkte ein-til-ein kontakt er grunnlaget for auka innsikt

om publikum, og informasjon til kundane. Dei digitale kommunikasjonskanalane blir viktigare for kvart år, og krev solide investeringar for å svare på krav til kvalitet og responstid. Teateret vender seg jamleg til publikum, som skal oppleve både tilbod og innhald som attraktivt.

Integrering av nye publikumsgrupper og rekruttering av barn og unge er eit særskilt mål. Ungdomskortet som er DNT sitt eige «fordelprogram» for unge opp til 25 år, har no 10.000 medlemmer. Gjennom samarbeid med Den Mangfaldige Scenen, Fargespill og vidareutvikling av Det Multinorske held teateret fram med ulike rekrutteringstiltak retta mot minoritetskulturar og ikkje-brukarar av teateret. I 2017 fekk teateret Norsk Publikumsutvikling sin pris for integrerings- og mangfaldsarbeidet, og prisen er ein inspirasjon til vidare innsats på dette området.

#### **DET MULTINORSKE**

Andre kull i skodespelarutdanninga Det multinorske er inne i sitt andre studieår. Dei seks studentane er godt i gang, og fulle av læreglede og med sterke talent tilfører dei teateret mykje energi. Dei fire tidlegare studentane er i arbeid på andre scenar og ved teateret. Det har vist seg at dei har eit fortrinn i arbeidsmarknaden når dei er gode i nynorsk. Studiet blir gjennomført i samarbeid med skodespelarutdanninga ved Nord Universitet (tidlegare Høgskolen i Nord-Trøndelag), og har som mål å auke rekrutteringa til skodespelarfaget av ungdom med minoritetsbakgrunn. Studiet gir ein bachelorgad. Planen er å forlenge utdanninga med eit tredje kull.

#### **DEN MANGFALDIGE SCENEN**

I samarbeid med BUL og Noregs Ungdomslag, stifta DNT i 2013 barne- og ungdomsteateret Den mangfaldige scenen (DMS) AS. Tilboden er no godt

establiert, og gir barn og unge med ulik bakgrunn høve til å møte og delta i scenekunst. Samarbeidet mellom DMS og teateret er styrkt, både kunstnarleg og pedagogisk. Det ligg stort eit potensial i å vidareutvikle satsinga som er ein hjørnesten i integrerings- og inkluderingsarbeidet vårt. DMS har i 2016 for alvor blitt anerkjent for den viktige innsatsen dei gjer, både ute på samarbeidsskulane og på mange ulike scenar. Arbeidet deira styrker og fremjar forståinga for nynorsk mellom barn og unge, og bidrar til rekruttering av scenekunstnarar og auka interesse for teater i nye grupper og miljø som har lite kjennskap til scenekunst.

#### **FORMIDLING TIL SKULANE OG DET UNGE PUBLIKUMMET**

Teateret ønskjer å vere eit naturleg val for skular som skal på teater, og vi arbeider målretta for å aktualisere teateropplevelinga for elevane. Teateret tilbyr formidlingsaktivitetar, t.d. teaterverkstad, omvisingar på huset, faglege introduksjonar og tematimar. Til alle relevante stykke utarbeider vi eit omfattande pedagogisk materiell som skal gjøre det enkelt for lærarane å gi elevane eit meiningsfullt møte med teateret. I 2016 har teateret hatt tett samarbeid med Den kulturelle skulesekken (DKS), og hatt 1876 unge inne på omvising og teaterverkstad. Tilboden om å oppleve teateret frå innsida har blitt omfamna av både lærarar og elevar. Repertoaret på Scene 2 har blitt godt besøkt av ungdomsskule- og vidaregåande elevar, og vi har lagt til rette for fleire matinear som denne gruppa etterspør. Samarbeidet med DKS held fram, og er viktig for rekruttering av nytt publikum. Tilboden sikrar at alle barn får oppleve å komme inn i eit teaterhus, til ei fullverdig kunstnarleg og teknisk framsyning.

Vi har valt å halde prisane til skule og ungdom på eit sterkt redusert nivå, slik at økonomi skal vere minst mogeleg til hinder for å oppsøkje oss.

## ØKONOMI

Grunna endringar i pensjonsordninga får rekneskapen for 2016 ekstraordinære balanseeffektar.

For å skape samanliknbare tal for framtida har vi derfor endra rekneskapsoppsettet, og pensjonskostnadene knytt til den tidlegare ordninga er trekt ut av driftsresultatet. Tal for 2016 er derfor ikkje direkte samanliknbare med tal for 2015.

Billettinntektene i 2016 var 42,7 millionar, og samla eigeninntekter var 54 millionar. Driftskostnader eksklusive lukka pensjonsordning kan ikkje samanliknast grunna endringa, men inneheld noko høgare avskrivingar og naudsynte vedlikehaldskostnader mot 2015. Vi kan likevel slå fast at teateret har god kostnadskontroll og balanserer kostnadene. Driftsresultatet for teaterdrifta var 4,1 millionar.

Grunna balanseeffekten av pensjonsendringane syner årsresultatet eit overskot på 25,2 millionar etter skatt. Styret tilrår at overskotet blir overført til eigenkapitalen, og opptent eigenkapital er etter dette er 8 millionar. Styret stadfestar at føresetnader for vidare drift er til stades og er lagt til grunn for rekneskapen og at rekneskapen gjev eit rett bilet av resultat og stilling per 31.12.2016.

## PENSJON

Pensjonsordninga blei lagt om til ein førebels innskotspensjon med verknad frå 1.7.2016. Dette blei avtalt i tariffoppgjeret for 2016, og alle arbeidstakarar er gått inn i den nye ordninga. Dei historiske rettane er handsama av KLP. I tillegg har arbeidstakarane over 60 år og andre med lang oppteningstid rett på særskilte kompensasjonar. Endringa inneber at teateret vil få meir føreseielege kostnader i framtida, og på sikt lågare kostnad til pensjon.

Omlegginga av ordninga har fleire balanse- og kostnadsmessige effektar i 2016, også tilbake til 2015-rekneskapen. Dette skuldast at vi ved omlegginga

har endra rekneskapsprinsipp. Heile estimataavviket er no balanseført, med den samla effekten at ved utgangen av 2016 er den opptente eigenkapitalen redusert til 8 millionar, mot 38,2 millionar som tidlegare rekneskapsført for 2015.

## SKATT

Teateret er ein skattefri institusjon. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntektene frå desse verksemndene er skattepliktige. Det Norske Teatret har ein avtale med No-Ko Utvikling as om leige av utleigelokala. For investeringar i desse areala er det gjort avskrivingar på tkr 1 073. Samla skattekostnad var på tkr 641 i 2016.

## LIKVIDITET

Ved utgangen av 2016 var likviditetsbeholdninga kr 21,2 millionar mot kr 20,4 millionar kr i 2015. Hovudgrunn til auken og det generelt høge nivået er gode billettinntekter, bruk av premiefond for dekning av pensjonspremie, og eit lån på kr 8 millionar.

## FINANSIELL RISIKO

Teaterdrifta har i utgangspunktet låg finansiell risiko. Teateret vurderer til ei kvar tid aktivt vilkåra for val av bank, og har ut frå ei heilskapleg vurdering av rentetilbod på innskot, lån og kreditbehov bytta bank til DNB i 2016. Teateret har også leasingavtalar gjennom bank.

## KREDITTRISIKO

Teateret driv i liten grad verksemnd der vi har uteståande krav mot kundar. Kreditrisikoen er liten, då eigeninntektene hovudsakleg kjem frå førehandsbetalt billettsal.

## BYGG OG UTSTYR

Teateret har halde fram med vedlikehald og investeringar i tråd med tilstandsrapporten utarbeidd i

2010. Planen er oppdatert i 2016, og ny plan er lagt til grunn for aktiviteten i dei kommande åra.

I 2016 har teateret også utført vedlikehald utover planen, grunna akutte behov. Totalt blei det i 2016 gjort investeringar for kr 12,7 millionar og vedlikehald for kr 2,9 millionar.

#### RISIKOFAKTORAR/ RISIKOSTYRING

Teateret har gode rutinar og system for hand-saming av helse, miljø og tryggleik (HMT) og risiko i arbeidsmiljøet. Desse rutinane blir regelmessig evaluerte og forbetra.

Økonomisk risikovurdering blir følgt opp årleg saman med revisor. Dei viktigaste eksterne risikofaktorane er svikt i billettsalet, endringar i tilskotet, lønnsoppgjeret og auke i vedlikehaldskostnadene. Med omlegging til repertoarspel er risikoen for billettsvikt tatt noko ned, i og med at ein no vil kunne omprogrammere ved salssvikt på enkeltoppsetjingar.

Teateret spelar teater på søndagar etter vår forståing av avtalerammene. Norsk Skuespiller forbund meiner at ein kan spele på søndagar, men at dette må avtalast sentralt. Dei har derfor stemna teateret for Arbeidsretten. Saka kjem opp i april 2017, men har låg risiko for teateret, sidan saka ikkje gjeld sjølve retten til å spele på søndagar.

Teateret gjennomførte i 2016 ein IKT analyse, og det kom fram at det er ein viss risiko knytt til lagring og gjenfinning av data. Arbeid med å utvikle ein IKT-strategi og gode IKT-løysingar for betre arbeidsflyt, blei sett i verk i 2016.

#### SPONSORAR

Teateret har hatt tre positive og innsatsvillige sponsorar i OBOS, Det norske oljeselskap og Making Waves. Alle tre avtalane vart fornya i 2015. Beklageleg nok melde Making Waves ved utgangen av 2016 at dei ikkje ønskte å fornye avtalen vidare grunna eigar- og

kursskifte. Teateret vil intensivere arbeidet for å finne nye samarbeidspartnarar og sponsorar, og utforske nye moglegheiter for utvikling av inntektpotensialet.

#### FØREMÅL

L/L Det Norsk Teatret AS er eit allmennyttig aksjeselskap som har til føremål å vise teaterstykke på norsk mål i bygd og by. Det Norske Teatret driv verksemnda frå eigne lokale i Kristian IVs gate 8 i Oslo.

Det Norske Teatret er eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søker for refleksjon, oppleving og underhaldning. Det Norske Teatret skal med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjement skape nye uttrykk og nå eit stort publikum.

#### FUNKSJONSHEMMA

Teateret har ordningar for gratisbillettar for følgje til funksjonshemma. Vi tilbyr høyrehjelp for hørslehemma. Ved vedlikehald og ombygging strevar vi etter å gi bygget mest mogleg univer-sell utforming. Fleire av framsyningane har vore teiknspråktolka i samarbeid med teaterutvalet i Norges Døveforbund.

#### MILJØ

Sjukefråværet i 2016 var på 3,5% (3,1% i 2015). Den svake auken skuldast noko meir langtidsfråvær. Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsulykker i 2016. Verksemda forureinar i liten grad det ytre miljøet.

#### LEIING, ORGANISASJON OG LIKESTILLING

Leinga ved teateret har heile tida fokus på likestilling. Fordelinga av dei 220 fast tilsette og åremålstilsette er 106 menn og 95 kvinner. Det er 9 menn og 25 kvinner som arbeider deltid. Til saman utgjer dette 2017 årsverk i 2016. I leiargruppa er det 4 menn og 4 kvinner, og det er 8 mannlige og 7 kvinnelege mellomleiarar. Nokre avdelingar er typisk manns- og/

eller kvinnedominerte. Vi ser ei større interesse fra kvinner for mannsdominerte yrke, som til dømes snikkaryrket. Frå menn er det deretter ikkje like stor interesse for kvinnedominerte yrker. Gjennomsnittsløna er om lag lik for begge kjønn.

#### FRAMTIDSUTSIKTER

Teateret står kunstnarleg sterkt og har no oppnådd eit stabilt høgt publikumsbesøk dei seinare åra. Sjølve teaterbygget er no nesten maksimalt utnytta for repertoarteater, og teateret må søkje nye framsyningssråder eller tidspunkt om ein skal vekse meir.

På kostnadssida vil teateret over tid sjå effekt av omlegging til innskotspensjon, og kostnadsnivået kjem til å falle i åra som kjem. Venteleg vil endringa få avgjerande effekt om lag fem år fram i tid. Samstundes

er bygningsmassen til Det Norske Teatret no 31 år gammal, og behovet for vedlikehald og nye investeringar vil auke på. I 2017 må vi til dømes skifte alle salstolane på Hovudscenen, og investeringar i denne storleiken kjem det fleire av.

Det nye, høge inntektsnivået ser ut til å stabilisere seg, og dessutan auke vidare. Dette vil gi oss handlingsrom til ei meir ekspansiv kunstnarleg verksemd, med nye satsingar og høve til å ta høg kunstnarleg risiko.

#### STYRET

Styret har halde 6 møte i 2016, der det blei tatt opp 46 saker. Styret vil takke tilsette og leiinga for godt arbeid, og takke sponsorar og samarbeidspartnarar for god støtte og godt samarbeid i året som er gått.

OSLO, 14.3.2017

I STYRET FOR L/L DET NORSKE TEATRET



NINA REFSETH  
STYRELEIAR



STEINULF TUNGESVIK  
NESTLEIAR



SHAHZAD RANA



MAGNI HERTENES FLYUM OLA BØ



FINN KIRKEBY



INGER LISE ARESTAD RETTEDAL



ERIK ULFSSBY  
TEATERSJEF



ÅSE RYVARDEN  
DIREKTØR

# KUNSTNARLEGE AKTIVITETAR

**DET NORSKE TEATRET** held fram som eit teater med stor aktivitet, og med eit omfattande og utfordrande repertoar, med hovudvekt på avgjerande tema i samtida. Året vi har lagt bak oss understrekar ønsket om å vere ein debattarena, ein samfunnsaktør. Produksjonane våre blir lagt merke til, diskutert og anerkjent. I 2016 mottok teateret Heddaprisen for Årets framsyning med *Solaris korrigert*, Komiprisen for Årets Framsyning med *Halve Kongeriket* og Musikkteaterprisen for *Tenk om*.

Det Norske Teatret har etablert ein god dialog med to amerikanske nyskaparar innan musikalsjangeren. Brian Yorkey og Tom Kitt gjorde braksuksess med *Next to Normal* i 2010, og det var derfor naturleg for oss å følgje opp med den siste musikalen deira, *Tenk om*. I Erlend Loe og Ola E. Bøs smarte omarbeiding til norsk språk og norske forhold i Marit Moum Aunes regi opna vi Hovudscenen i 2016. Ansvaret for det musikalske låg på Simon Revholt, ei oppgåve han meistra med glans. Med storbyutvikling som bakteppe og med personlege kriser og vanskelige livsval som tema blei dette ei flott framsyning som vann Musikkteaterprisen, og der både Heidi Gjermundsen Broch og Silje Lundblad fekk velfortente nominasjonar som Beste musikalartist.

I slutten av februar presenterte vi den kanskje aller største satsinga i teaterets historie. Fire framståande dramatikarar; sveitsiske Lukas Bärfuss, skotske David Greig, russiske Oleg Bogaev og vår eigen Maria Tryti Vennerød blei bedne om å skrive fritt over temaet *Andre verdskrigen*. Saman med sjefdramaturg Carl Morten Amundsen laga underteikna det tekstlege underlaget for ei åtte timer lang

monumental framsyning på Hovudscenen. Milja Salovaaras mektige scenerom og Øyvind Wangensteens imponerande lysdesign sette ramma rundt denne viktige framsyninga. Heile teateret bar preg av storghendinga, og kunstnaren Lars Ramberg hadde omskapt foajeen til eit rom som minte oss om krigens uhygge. Framsyninga blei for det meste spelt om natta, og det gjorde opplevinga særleg sterk. Med morgongryet kom freden, og publikum gjekk heim etter ei særmerkt teateroppleving. Framsyninga fekk solide meldingar, også i internasjonale medium. Svenska Dagbladet skreiv: «*Andra Verdkrigen - Natt i verda* är ett manifest. Skakat och omtumlad lämnar man natten», og Aftenposten, «teateret viser sin rolle som samfunnsaktør». Alle involverte gjorde ein eineståande innsats og teateret synte nok ein gong evne og vilje til å løfte fram det ekstraordinære.

Vi satsa også sterkt på nyskrive materiale for barn i det store formatet i 2016. Både *Kvitbjørn Kong Valemon* i vårsesongen og *Påfuglen* i haustsesongen blei flotte, fargerike og tankevekkande framsyningar for små og litt større barn. *Kvitbjørn Kong Valemon* bygger på det kjente eventyret, men i ei ny og leiken dramatisering gjort av dramaturgane våre Ola E. Bø og Mari Moen. Dramaturg Ingrid Weme Nilsen sette i scene, og gjorde dette til ein skikkeleg arbeidssiger for ein viktig del av det kunstnarlege laget på teateret. Meldingane var overstrøymande og framsyninga vart med også i haustsesongen.

Bjørn Eidsvåg har i fleire tiår vore ein av landets viktigaste stemmer i verdidebattar om kristen-Noreg i møte med nye tider. Hausten på Hovudscenen opna med *Etterlyst: Jesus*, der han saman med

Svein Tindberg tar oss med på ei personleg reise gjennom tru, tvil og faktisk kunnskap. Framsyninga fekk samstent begeistra mottaking frå både publikum og presse, og står stadig på repertoaret. Den skal også på turne over heile landet. Framsyninga viser til fulle det potensialet teateret har som aktør når det tar opp viktige spørsmål, også i ei underhaldande innpakking. Det er ikkje ofte ei teaterframsyning pregar den offentlege debatten på liknande vis. Hundrevis av artiklar, debattinnlegg, oppøsing og støtte har følgt i kjølvatnet, i tillegg til eit stort og fornøgd publikum.

Jon Fosse har lenge blitt rekna som ein av vår tids fremste dramatikarar. For dette teateret er han særleg viktig. Det var derfor på høg tid at ein av hans finaste tekstar fekk sin naturlege plass på Hovudscenen på Det Norske Teatret. I Trine Wiggens regi blei *Draum om hausten* ei mørk, vakker og velspelt framsyning.

Tyra Tønnesen og Jovan Pavlovic stod med *Påfuglen* for haustens siste Hovudscene-framsyning. Dette var ei vidareutvikling av eit arbeid som starta ved Trøndelag Teater, og i eit fruktbart møte med kreftene på Det Norske Teatret blei det ei flott og viktig framsyning. Dagbladet skrev: «*Påfuglen* anno 2016 er rikere, mer sammensatt og mer nyansert enn fjorårets. Med det blir *Påfuglen* også et argument for å gi nyskrevet dramatikk nye sceniske sjanser i ny, videre tenkt, fortolkning.» For Det Norske Teatret er utvikling av nytt materiale for barn høgt prioritert og *Påfuglen* blei også med inn i repertoaret for 2017.

Scene 2 er som før ein attraktiv scene både for publikum og kunstnarar. Takk vere god planlegging og dyktige medarbeidarar har vi klart å halde mange titlar i spel på denne scenen i 2016. Over 30.000 har fått glede av det, og eit belegg på over 85% er oppsiktsvekkande høgt, særleg når ein ser på det nokså utfordrande repertoaret. Nye premierar i 2016 var *Tilnærma lik* av Jonas Hassen Khemiri, ein

dramatikar vi har blitt godt kjent med dei siste åra. Regissør Peer Perez Øian skapte ei leiken framsyning med presise spark til den galopperande kapitalismen. Litt seinare trefte *Romeo og Julie* skikkeleg blink, særleg for eit ungt publikum. Regissør Maren Bjørseth blei nominert til Heddaprisen for beste regi, og framsyninga står på repertoaret i heile 2017.

Dramatiseringar av viktige nynorske romanar har alltid vore ein viktig del av repertoaret til Det Norske Teatret. Hausten på Scene 2 opna med ein nydeleg sceneversjon av Jan Roar Leikvolls *Songfuglen*, dramatisert av Demian Vitanza og sett i scene av Peer Perez Øian. Framsyninga blei ei mørk, men poetisk skildring av eit samfunn i skuggen av krig og konflikt. I november utfordra regissør Tore Vagn Lid både eit moderne telje-, måle- og vegesamfunn, og teateret, ved å gjere Scene 2 om til et quiz-studio. Publikum blei delt inn i lag, og guida av skodespelarane blei dei med på ei reise gjennom spørsmål om testar, kvalitet og etikk. Framsyninga *Fridomens vegar* fekk strålande mottaking og spelte for eit stort og fornøgd publikum.

Scene 3 har også samla eit interessert publikum til eit allsidig repertoar med høg kvalitet. Skodespelarane trivst i eit format der dei møter publikum så nært og intimt som på denne scenen. Det er ei heilt særegen teateroppleving, og er eit avgjerande kunstnarleg kontrapunkt til den store og avanserte Hovudscenen. I 2016 har vi også med hell presentert fleire lesingar. Etter nokre få prøvar, og med tilrettelegging av dramaturgane, har skodespelarane lese for eit lydhørt publikum. Vi har m.a. lese Jon Fosses triologi, og feira Tor Jonsson på denne måten. I tillegg har framsyningar som *Inkognito*, *Draum om våren*, *Johnsen og Johnsen i live* og mange fleire bidratt til at over 15 000 publikummarar har funne vegen til denne scenen.

Det Norske Teatret er eit stort teaterhus, og også publikumsområda blir utnytta til kunstnarlege

aktivitetar. Over 30 år med Lunsj & Lyrikk har blitt eit varemerke for breidda i tilbodet vårt, det same har no over fem år med Bikubekveldar på seinfredag gjort.

Vi har lagt bak oss eit år med ei imponerande rad med urpremierar. Det har vore fint å sjå at dette på ingen måte har skremt publikum, snarare tvert om. Inntektene er rekordhøge og publikummet set pris på nye perspektiv, nye stemmer og nye innfallsvinklar. Anerkjenning av arbeidet har vi fått gjennom Norsk Publikumsutviklings pris og heile 7 Hedda-nominasjonar. Ane Dahl Torp tok heim prisen for Beste kvinnelege skodespelar og Sjur Miljeteig fekk prisen for Beste audiovisuell design i *Solaris korrigert*, Per Schaanning vann pris som Beste mannlege medspelar for rolla som Karl i *Fulle folk* og *Solaris korrigert* vann pris som Årets framsyning.

Denne bevisste innrettinga mot nye stemmer og ei ny verkelegheit held fram. Det andre studieåret er i gang for elevskulen Det Multinorske. Dette andre kullet har seks studentar som alle med sine særeigne talent og uttrykk vil komme til å utmerke seg på norske scenar. Teateret skal og må formast etter samtidia og for å nå eit framtidig publikum må vi vere relevante uavhengig av alder, kulturell- og sosial bakgrunn. Teaterrommet er som skapt for møte, møte med publikum, møte mellom ulike forteljingar, mellom konfronterande handlingar – og som skapt for forsoning. Det er vår ambisjon å vere eit djervt, ope og engasjerande teaterhus. 2016 syner at vi tar desse ambisjonane på alvor.



ERIK ULFSBY  
TEATERSJEF



# RESULTATREKNESKAP

(TAL I NOK 1000)

	NOTE	2016	2015
<b>DRIFTSINNTEKTER:</b>			
Eigne inntekter	1	54 095	55 129
Tilskot	2	166 899	163 821
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>220 994</b>	<b>218 950</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER:</b>			
Varekjøp		6 840	7 973
Kostnad v/arbeidskraft	3	154 374	154 021
Avskrivningar teaterbygg	5	1 073	1 573
Ordinære avskrivningar	6A,6B	11 621	10 041
Andre driftskostnader	4	42 943	41 953
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>216 851</b>	<b>215 561</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>4 143</b>	<b>3 389</b>
<b>PENSJON:</b>			
Effekt ved endring av pensjon til innskot	10	-22 556	-6 317
<b>Sum effekt endring av pensjon</b>		<b>-22 556</b>	<b>-6 317</b>
<b>DRIFTSRESULTAT inkl. pensjonsendring</b>		<b>26 699</b>	<b>9 706</b>
<b>FINANSRESULTAT:</b>			
Renteinntekter		770	609
Rentekostnader		1 653	1 900
<b>Finansresultat</b>		<b>-883</b>	<b>-1 291</b>
Resultat før skattekostnader		25 817	8 415
Skattekostnad	9	641	709
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>25 176</b>	<b>7 706</b>
<b>DISPONERING AV ÅRSRESULTAT:</b>			
Årets resultat avsett til opptent eigenkapital		-25 176	-7 706
<b>Sum disponert</b>		<b>-25 176</b>	<b>-7 706</b>

# BALANSE

(TAL I NOK 1000)

EIGEDELAR	NOTE	2016	2015
<b>ANLEGGSMIDDEL:</b>			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	9	1 424	1 451
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>1 424</b>	<b>1 451</b>
Finansielle driftsmidlar			
Lån til Staten	6 D	22 200	22 200
<b>Sum finansielle driftsmidlar</b>		<b>22 200</b>	<b>22 200</b>
Varige driftsmiddel			
Teaterhuset	5	15 869	16 942
Bygningar, tomter	5	9 007	9 007
Teknisk utstyr, inventar o.a.	6A,6B	64 400	65 135
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>89 276</b>	<b>91 083</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>112 900</b>	<b>114 734</b>
<b>OMLAUPSMIDLAR:</b>			
Fordringar			
Varelager	13	1 089	770
Forskot forfattarhonorar		5 038	1 445
Andre fordringar inkl. tilsette		5 013	3 480
<b>Sum fordringar</b>		<b>11 140</b>	<b>5 694</b>
Forskotsbetalte framsyningskostnader	12	5 017	4 022
<b>Bank og kasse</b>	11	<b>26 709</b>	<b>25 707</b>
<b>Sum omlaupsmidlar</b>		<b>42 866</b>	<b>35 423</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>155 766</b>	<b>150 157</b>

# BALANSE

(TAL I NOK 1000)

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTE	2016	2015
<b>EIGENKAPITAL:</b>			
Innskoten eigenkapital			
Lutmidlar (12.272 luter a kr. 400,-)	7-8	4 909	4 909
Anna innskoten eigenkapital	7-8	6 335	6 335
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>11 244</b>	<b>11 244</b>
Overskot	8	7 955	-17 221
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>7 955</b>	<b>-17 221</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>8</b>	<b>19 199</b>	<b>-5 977</b>
<b>GJELD:</b>			
Avsetjing for plikter			
Pensjonsplikter	10	51 885	79 680
<b>Sum avsetjing for plikter</b>		<b>51 885</b>	<b>79 680</b>
Anna langsiktig gjeld			
Pantelån	11	29 625	29 400
Leigefinansiering	11	3 962	4 659
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>33 587</b>	<b>34 059</b>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørar		13 066	7 726
Betalbar skatt, ikkje utlikna	9	614	743
Skuldig offentlege avgifter		11 168	9 912
Forskotsinnbetalt for billettar		11 373	7 975
Anna kortsiktig gjeld inkl. feriepengar		14 875	16 039
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>51 095</b>	<b>42 395</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>136 567</b>	<b>156 134</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>155 766</b>	<b>150 157</b>

OSLO, 14.3.2017  
I STYRET FOR L/L DET NORSKE TEATRET



NINA REFSETH  
STYRELEIAR



STEINULF TUNGESVIK  
NESTLEIAR



SHAZHAD RANA



MAGNI HJERTENES FLYUM

OLA BØ



FINN KIRKEBY



INGER LISE AARESTAD RETTEDAL

ERIK ULFSBY  
TEATERSJEF



ÅSE RYVARDEN

DIREKTØR

# NOTAR

## REKNESKAPSPrINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med føresegner i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

## INNTEKTER

Inntekter ved billettsal er verkeleg verdi, etter ev. frådrag for student-/honnørrabattar. Inntekter blir resultatførte først etter kvar einskild framsyning. Tenester blir inntektsførte i takt med utføringa. Inntektsført driftstilskot er lik tilskotsbrev frå staten.

## KLASSIFISERING OG VURDERINGAR AV BALANSEPOSTANE

Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år, og postar som er knytte til varekrinslaupet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/ langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar er vurderte til lågaste innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er mellombels. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

## FORDRINGER

Kundefordringar og andre fordringar er førte i balansen til pålydande. Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje avsett noko til eventuelle tap pr. 31.12.

## VARIGE DRIFTSMIDDEL

Tomta blir ikkje avskriven. Teaterbygget blei skrive ned i takt med avdrag på langsiktig lån knytt til bygget, heile lånet var ferdig nedbetalt 30.04.2015. Frå 01.05.2015 nyttar ein lineær avskriving som prinsipp.

Andre varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne lineært til restverdi over attverande avskrivingstid. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsførte jamleg som driftskostnader.

## LEIGEFINANSIERING

Alle leigefinansierte kontraktar (unntatt korte kontraktar og mindre leigefinansierte eidegar) blir balanseførte som en eidegar med bruksrett, og som en gjeld. Kontraktar blir førte til innkjøpspris med frådrag for avskrivingar som blir berekna etter annuitetsmetoden.

## PENSJON

Den balanseførde forpliktinga er noverdi av dei definerte ytingane minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Pensjonsforpliktinga blir utrekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode. Etter prinsippendring med start frå 01.01.15 blir endringane i forpliktingane, som følgje av estimatavvik, bokførte direkte over resultat i det året dei oppstår. Arbeidsgivaravgifta blir kostnadsført basert på innbetalt pensjonspremie for sikrande (kollektive) pensjonsordningar. Innskotsbasert pensjonsordning blir kostnadsført basert på berekna årleg premie.

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstilling blir utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som straks og med uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjende kontantbeløp og med resterande løpetid mindre enn tre månader frå den dato dei er innkjøpte.

**SKATT**

Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova §2-32 første ledd. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplass. Inntekter frå desse økonomiske verksemndene blir vurderte som skattepliktig verksemnd.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatt som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt blir rekna ut med aktuell skattesats på grunnlag av dei skilnadene som finst førebels mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, forutan eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Skatteauken og skattereduserande førebelse skilnader som blir reverserte, eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, blir grunngjevne med forventa framtidig inntening. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast, blir oppført netto i balansen. Utsett skatt blir rekneskapsført til nominelt beløp.

AKTIVERTE OPPSETJINGSKOSTNADER Sjå note 12.

<b>NOTE 1 – EIGNE INNTEKTER</b> (TAL I NOK 1000)	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Billettsal: Hovudscenen	33 647	34 035
Billettsal: Scene 2	6 571	6 790
Billettsal: Scene 3	2 184	2 415
Billettsal: Andre scenar	301	194
Programsal	408	457
Sponsorinntekter	1 825	2 075
Leigeinntekter	5 641	5 403
Andre inntekter	3 518	3 760
<b>Sum eigne inntekter</b>	<b>54 095</b>	<b>55 129</b>

<b>NOTE 2 – TILSKOT</b> (TAL I NOK 1000)	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Statstilskot – tilskotsbrev 23.12.15 og 12.01.15	166 871	163 760
Tilskot til fagopplæring	28	61
<b>Totalt</b>	<b>166 899</b>	<b>163 821</b>

<b>NOTE 3 – KOSTNAD V/ARBEIDSKRAFT</b> (TAL I NOK 1000)	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Løn	115 716	110 777
Arbeidsgjeveravgift	18 408	17 331
Honorar	8 521	9 933
Pensjonar/forsikringar (før effekt av endring i pensjonsordning og prinsipp)	11 729	15 980
<b>Sum</b>	<b>154 374</b>	<b>154 021</b>

**Av dette løn til:**

Teatersjef:

Løn 1 182. Pensjonskostnader 168.

Styret: 209

Eingangs-effekt av endring til innskotspensjon	-22 556	-6 317
<b>Sum</b>	<b>-22 556</b>	<b>-6 317</b>

Teatersjefen er tilsett på åremål. Teatersjefen tener opp to månaders etterløn for kvart år han er tilsett, avgrensa oppetter til eitt år.

Det er ikkje gjeve lån til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærståande partar. Det er ingen einskilde lån/garantiar som utgjer meir en 5 % av selskapets eigenkapital.

I posten pensjonar/forsikringar inngår betalt pensjonspremie fråtrekk for delen til dei tilsette og endringar i pensjonsplikter. Arbeidsgjevaravgift av pensjonane er ført i posten arbeidsgjevaravgift.

	2016	2015
Garantiansvar for tilsette	0	0

Teateret hadde ved utgangen av rekneskapsåret 220 fast tilsette. Av dette var 34 deltidsstillingar. Dette utgjer 201,7 årsverk.

<b>REVISOR</b> (TAL I NOK 1000)	2016	2015
Kostnadsført revisjonshonorar, inkl. mva.	402	250
Kostnadsført bistand revisor, inkl. mva.	24	24
IT-gjennomgang revisjon	125	0
<b>Sum</b>	<b>551</b>	<b>274</b>

<b>NOTE 4 – ANDRE DRIFTSKOSTNADER</b> (TAL I NOK 1000)	2016	2015
Kostnader v/lokale	7 611	6 769
Reparasjon og vedlikehald	7 593	6 389
Marknads-/info.-kostnader	8 870	10 608
Forfattarhonorar	5 798	6 147
Andre driftskostnader	13 071	12 040
<b>Sum</b>	<b>42 943</b>	<b>41 953</b>

<b>NOTE 5 – TEATERHUSET/TOMTEVERDI</b> (TAL I NOK 1000)	2016	2015
<b>Teaterhuset (der utleigedelen inngår) Gnr./bnr. 0301-209/169</b>		
Kostpris ved fusjon 1986	487 302	487 302
Nedskrive med tilskot	-424 625	-424 625
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.	-37 801	-36 728
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>	<b>24 876</b>	<b>25 949</b>
Avskrivningar dette året	-1 073	-1 573

I 1986 vart AS DNT-bygget fusjonert med LL Det Norske Teatret og teaterhuset var da balanseført med kr. 478.295.000 og tomta med kr. 9.007.223. Åv teaterhuset var det kr. 51.858.216 som høyrd til den delen som er leigd ut til No-Ko Utvikling AS. Bygget var blant anna finansiert gjennom eit statleg lån på kr. 424.625.000. Dette lånet vart ettergjeve av staten i 1999 og bygget vart da nedskrive med verdien på lånet. Pr. 31.12. kan den bokførte verdien til teaterhuset fordelast slik:

(TAL I NOK 1000)	2016	2015
Del til eiga disponering	1 752	1 788
Del leige ut til No-Ko Utvikling AS	14 116	15 154
<b>Sum</b>	<b>15 869</b>	<b>16 942</b>

<b>NOTE 6A – VARIGE DRIFTSMIDDEL</b> (TAL I NOK 1000)	2016	2015
